

Ny klatreførar blir "sluppe" i pinshelga

24.03.2009

Den nye klatreføraren for Uskedalen, som har vore under arbeid lenge, nærmar seg no fullføring og vil bli "sluppe" i pinshelga, under ei klatresamling opplyser Bergen Klatreklubb.

Klubben har no sendt ut tilbod om annonsering i føraren til mange i Kvinnherad. Føraren vil få eit brutto-opplag på 1.000 og får 120 sider. Dei som rykker inn annonse vil bli invitert til "slippefesten" og kan presentera verksemda si i samband med denne.

Det blir opplyst i tilbodet at klatreføraren vil dekkja både Uskedalen og eitt mindre, nyutvikla område like ved. Samla har føraren om lag 80 ruter, dei fleste på rundt 10 taulengder. Førarane for BKK har sett ein ny og høgare standard for kvalitet og god presentasjon av vertikal informasjon og den blir vidareført i den nye føraren.

Bergen Klatreklubb fristar med at dei som rykker inn annonse vil nå mange friluftsutøvarar til ein svært lav pris. Klatreførarane blir nytta aktivt for å finna informasjon og alle som skal klatre i desse områda vil nytta førarane. BKK har no 550 medlemmer og klubben reknar med at det er rundt 3.000 aktive klatrarar i Hordaland. Samanlikna med magasiner har klatreføraren ein relativt lang omløpstid, fire til fem år.

Gjennom dei siste åtte åra har BKK seld 4.500 klatreførarar og ein tredjedel av dei er kjøpt av klatrarar som bur utanfor Bergen. Ein annonse i føraren vil difor nå ut til klatrarar og friluftsutøvarar i heile landet.

Av Ola Matti Mathisen